

Ekstraordinært Årsmøte

Uskedal Båtlag.

Stevneplassen onsdag 5 des. kl. 20:00

Saksliste:

- Godkjenning av innkalling.
- Val av møteleiar.
- Val av skriver.
- Navne-ending til Uskedal Båtlag SA.
- Vedtekts-ending, tilpassa samvirkelova.

Nye vedtekter vert sendt på E-post til alle medlemmar som har oppgitt si E-post adresse til båtlaget.

Er du medlem og ikkje har meldt di E-post adresse til: uskedal.batlag@hotmail.no så må du gjera det snarast.

For å sikre at møtet vert vedtaksført, så håper vi at

medlemmane er bevisste og stiller på møtet.

Styret.

Det er ikkje berre vassverket som skal skifte selskapsform det skal også båtlaget. Difor har laget no innkalla til ekstraordinær generalforsamling, som skal haldast på Stevneplassen onsdag 5. desember klokka 20. Innkallinga er attgjeve ovanfor.

Det som skjer også med båtlaget er at det vert samvirkeføretak. Det er viktig at medlemmene er bevisste og møter fram' blir det understreka i innkallinga.

Ellers har ei sak som har utløyst ein del uro i laget gjennom lang tid no roa seg etter at det vart ein ordning med plassering for dei to store skøytene Storm og Kvituren,

Tidlegare i haust vart det montert ein ny arm inntil bølgebrytaren der dei to store båtane kunne leggja til og no er Storm kome på plass. Den nye armen er på innsida av bølgebrytaren, i den enden som vender mot Flatholm.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Storm er no på plass